

TALLENES TALE

Noregs Banks 200-årsjubileum 14. juni 2016.

Vyrde herre Konge;
Stortingspresident, sentralbanksjef, og gode festlyd.

Med respekt å melda står eg her på scenen
Med mikrofonen på, og har fått ordet som poet
For å føra fram om ikkje eittårsstatustalen
Som sentralbanksjefar gjer, men heller
To hundre årstalen som skillings-vise-direktør
På lette renteføter, og slå kron og mynt på
Verdipapir nasjonen har på bok frå før,
I spesidaler, kronestykke, oljefond,
Der forteljingar blir tal, og tala blir fortalde,
Der *Investment Management* blir ånd
Og blanke kroner blir til gilde blankvers.

II

*En setelbank er født i sølv og tårer,
Var det historikaren Sverre Steen som sa
Om "Octroi for Norges Bank" i året
1816, to år etter Grunnloven slo fast
"Den evangelisk-lutterske forbliver
Statens religion."*

I denne kristne tru
Står menneske og stat i skuld til Gud.
Så sølv og gull og skuld var nøkkelord,
Var 1814-statens grunnlov og forsoning.
Ei smelta sølvskei blei til spesidalar,
Og mynta ut i frelsesord og blanke kroner.
Til grunn i Noregs Banks år null låg gudsorda
Og framleis i 200: forlat oss Du vår skuld,
Slik vi òg forlater våre skyldnere.

For det har Skrifta lært oss,
At vi har arva synda, og at skulda
Er så stor og tyngande at Herre Gud
Let sonen sin bli menneske,
Og døy på krossen for å få betala
Den djupe eksistensielle skuld for oss.
Forlat oss våre synder, forlat oss all vår skuld,
Forlat oss våre barrar av sølv og gull.
For slik er bankens opphavsmyte:
Den står i Skrifta, det er i Fader Vår det står.

For skulda er det kristne arvesølvet
I glans av skuld skin krona som ein glorie
Av "storkna mannasveitte",
Som åndshovdingen A. O. Vinje sa,
Når Noregs Banks 200 års historie
Blir ramsa opp som oratorie på 300 sekund,
Som talas tale og som talens tal,
I orda som nå strøymer frå min munn

III

Men vit når pengane i kassen kling,
Vit då at pengar er eit paradoks,
At pengar er abstrakte ting.
Vit òg at tal og tale kjem av same rot
Som telja og fortelja og forteljing,
At setel-pressefridom fordrar setelpresse,
At vår etikk har rot i skuld og gull
Og meirverdi som byd: fortell!
Når ein som eg for-tel opp ord vi har på konto
Eller reknar mine ord og tel opp mine dagar
Er det den som tel, eller som for-tel, som tel?
Er det den som talar som til slutt be-talar?

På norsk har talas tale namnet konto,
På spansk er cuenta konto, medan cuento er forteljing
Som conto og racconto på italiano.
På engelsk er accounting revisjon
Men også eventyrforteljing, - ja, A tale
Told by an idiot, full of sound and fury,
Med *åndsrekningane* sende som faktura.

IV

Nøkkeltal og tale styrer verda folket lever i,
Frå dag til dag, men "*Folkets liv er evig,*"
Det sa sentralbanksjefen Nicolai Nilssen Rygg.
Dei tala kunne eingong vekslast i metall.
Slik vart verdiane i nasjonalformuen trygge,
Som sølv og gull i bankens djupe kjellar,
I hvelv bak låste dører, stål og mur.
Dei koparkledde veggene var skál,
Som garanti for skulda, sjølv den virtuelle,
Som vern mot opp- og nedgangskonjunktur.

I dag er det om tal, fortalde tal, eg talar.
Og kapital, og om at livets botnlinje
Kan vera det som gir oss pari kurs.
For mennesket er inga øy, og paradís
For pengane blir aldri varig, for skulda der
Står skriven inn i livets bok som røpar at
Ved enden av regnbogen *skuldar* vi skatt.
Så eg tek opp att: Folkets liv er evig
Og alle ber vi folkets kroner på oss,
Av pengar bygde opp til hard valuta
I samspel med politisk jerntriangel
Slik 1814-lova framleis styrer
Og ikkje euroen sin europeiske aurora.
Om kroner, øre er det framleis snakk
I to hundre årstalen om kapital og ånd:
Fram imot eit punktum. Og finalen:
Og tusen, tusen, tusen millionar - takk!